

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	23.04.2018
025/18	Levekårsutvalet	PS	24.04.2018
033/18	Formannskapet	PS	26.04.2018
027/18	Kommunestyret	PS	03.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	15/278

Ny Alversund skule og fleirbrukshall - revidert romprogram

Vedlegg :

Vedlegg 1 - Revidert romprogram i samspillsfase
Vedlegg 2 - Endring trinnareal
Vedlegg 3A - Plan 01 April 2018
Vedlegg 3B - Plan 02 April 2018
Vedlegg 3C - Plan 03 April 2018
Vedlegg 4A- Plan 01 - skisseprosjekt
Vedlegg 4B - Plan 02 - skisseprosjekt
Vedlegg 4C - Plan 03 - skisseprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen tilrår å vedta revidert romprogram slik det ligg føre.

.....

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 020/18

RMNF - behandling:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektleiar Drift eigedom
Øystein Moldeklev er også representant frå RMNF i denne prosjektgruppa.

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

RMNF - vedtak:

Uttale i RMNF:

Ingen merknader.

Levekårsutvalet - 025/18

LE - behandling:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektlear drift Eigedom og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Det blir tatt inn igjen styrkerommet og den garderoben som er fjerna. Dette for å ivareta idrettens interesser. Styrkerom vil gje spelemidlar.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Ø. Moledklev-Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (H, Mdg, Ap, Krf)

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 24.04.2018:

Revidert romprogram vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 033/18

FO - behandling:

Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Det blir tatt inn igjen styrkerommet og den garderoben som er fjerna. Dette for å ivareta idrettens interesser. Styrkerom vil gje spelemidlar.

Framlegget fekk 2 røyst og fall (Ø. Moledklev-Frp og N.Øvreås-Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster.

FO - vedtak:

Revidert romprogram vert vedteke slik det ligg føre.

Kommunestyret - 027/18

KO - behandling:

Prosjektlear Inger Marie Jordal orienterte.

Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Det blir tatt inn igjen styrkerommet og den garderoben som er fjerna. Dette for å ivareta idrettens interesser. Styrkerom vil gje spelemidlar.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (Ø.Moldeklev-Frp, N.Øvreås-Frå, B.Vatnøy-Frp, O.Øvreås-Frp og H.Fjellanger-V)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 26 røyster.

KO - vedtak:

Revidert romprogram er vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Byggeprogram inkludert romprogram for ny Alversund skule inklusiv fleirbrukshall vart vedtatt i Kommunestyret 11.05.17 (Ref. websak 15/278 – 17/11168).

Skisseprosjektet vart vedtatt politisk i Formannskapet 25.01.18 (Ref. websak 15/278 – 18/1219).

Prosjektgruppa jobbar med Constructa Entreprenør AS (samspelsentreprise) for å utarbeide eit forprosjekt innanfor den økonomiske ramma i prosjektet.

I perioden januar-mars 2018 har det vore stor brukarmedverknad.

Det har vore viktig å få justert løysinga frå tilbodsstadiet/skisseprosjektet på følgjande område:

- Auke antall elevinngangar
- Betre garderobetilhøve ved elevinngangane
- Etablere eit ekstra kontor for helsesøster
- Etablere amfi med sitteplass til alle elevane

Planløysinga frå skisseprosjektet er omarbeidd. Det er nødvendig å låse planteikningane no for å halde framdrifta i prosjektet. Vi vil i denne saka synleggjere endringane i forhold til vedtatt romprogram 11.05.17. Alle justeringane er synleggjort i revidert romprogram. Berre dei større endringane er kommentert i saka.

Utgreiing**Inngangar og garderober**

I romprogrammet var det tatt utgangspunkt i maks to trinn pr. inngang, og at to og to trinn

kunne dele grovgarderobar. I tilbudet som kom inn, var det planlagt tre elevinngangar; ein for 1.-2. trinn, ein for 3.-4. trinn, og ein for 5.-7. trinn. Det er om lag 70 elevar pr. trinn.

Løysinga for 5. til 7. trinn stemde ikkje med kravspesifikasjonen. Det har vore eit sterkt ønskje om å auke tal inngangar for alle trinna for betre logistikk.

Med bakgrunn i dette er det i revidert romprogram lagt inn ein inngang pr. trinn, med tilhøyrande grovgarderobar. For å oppnå ønska funksjonalitet for grov- og fingarderebane har arealet for desse funksjonane auka med ca. 30-40 m².

Behov for ekstra kontor for helsesøster

I romprogrammet låg det inne eitt kontor til helsesøster på 12 m². Det er ikkje tilstrekkeleg med eitt kontor for å dekke det lovpålagte kravet til areal for helsesøster på ein skule til 450 elevar. Det er difor lagt inn eit nytt kontor.

Amfi

I romprogrammet låg det inne 270 m² til amfi. Her skal heile skulen kunne samlast samtidig. Det har vist seg at dette arealet ikkje var tilstrekkeleg dersom alle elevane skulle sitte i amfiet. Arealet har difor auka med 33 m².

Areal til undervisning

I romprogrammet låg det inne areal til to klasserom som skulen kunne nytte dei åra det vil vere behov for ein firedeling på trinna, 2 x 45 m². Begge desse areala var plassert i plan 3. Ønsket om å flytte eine rommet til plan 2 har vore vanskeleg å få til utan å auke fotavtrykket. Det heng saman med at bygget er kompakt, og tilgang til dagslys har vore førande for plassering av rom langs fasadane.

For å kunne få til begge desse undervisningsromma måtte vi ha auka fotavtrykket på bygget. Av økonomiske omsyn er eine rommet tatt ut. Ved behov vil skulen måtte nytte andre areal til dette formålet.

Garderobesett til hallen

I romprogrammet låg det fire garderobesett tiltenkt ei tredeling av fleirbrukshall samt basishall.

Behovet til skulen er dekkja med tre garderobesett. Noverande planløysing gjer at eitt garderobesett tener både hall (eine tredelen) samt basishall.

Eitt garderobesett gjer tilskot om spelemidlar for inntil 1/3 av totale kostnader, maks 500 000 kr. Krava i forhold til tal garderobar og tilskot til ein 25x45 m fleirbrukshall er oppfylt med to garderobesett.

Basert på ein heiskapleg vurdering av behova samt økonomi, er eitt garderobesett på 78 m² tatt ut.

Styrkerom

I romprogrammet låg det eit styrkerom på 45 m². Det var tidlegare eit krav frå

kulturdepartementet at fleirbrukshallar skulle ha styrkerom. Dette kravet er no fjerna.

Styrkerom er eit tilbod hovudsakelig for personar over 16 år. Skulen har ikkje behov for styrkerom.

Alvidra Idrettslag har eit sterkt ønskje om styrkerom, og ser helst at dette er på minimum 60 m². 60 m² styrkerom gjer rett til spelemidlar, der ein kan få dekkja inntil 1/3 av kostnaden, maks 500 000 kr. Alvidra Idrettslag argumenterer med at dei fleste idrettar har god nytte av styrketrening. Styrkerom vil og kunne gje alternativ treningsmoglegheit til dømes til skada utøvarar som ikkje kan følgje ordinær trening i hallen.

Administrasjonen meiner styrkerom må nedprioriterast for å halde den økonomiske ramma i prosjektet. I revidert romprogram er styrkerom på 45 m² tatt ut.

Vurdering

Trinnområda har no fått gode kvalitetar. Det er eigen inngang med tilhøyrande garderobe pr. trinn. Kwart trinn har eit eige heimeområde som er tenkt brukt til undervisningsføremål.

Utforminga av amfiet er betra slik at ein får plass til alle elevane. Biblioteket har fått ei sentral plassering ved amfiet. Sentralt i bygget ligg og SFO, kantine, areal til mat og helse og auditoriet. Kantinekjøkkenet er hensiktsmessig plassert med tanke på bruk i helger/for idrettsarrangement.

I 1. etasje er det ei avdeling for musikk, ei avdeling for kunst- og handverk og areal til idrettsformål. Her ligg og ungdomsklubben med ope kjøkkenløsning, hobbyrom og mediarom.

Sjølv om nokre rom er tatt ut, vurderer prosjektgruppa at bygget har fått ei god og funksjonell planløsning for brukarane av bygget.

Vi jobbar for å halde den økonomiske ramma. Prosjektet har no redusert nettoareal, men fotavtrykket er uendra. Prosjektet treng økonomisk handlingsrom for å handtere mellom anna mogleg kostnadsauke for energiløsning, eventuelle rekkefølgjekrav i områdeplanen, justeringar på utomhusareal og andre nødvendige kvalitetar på skule- og idrettsbygget.

På bakgrunn i dette er det foreslått å gjere følgjande endringar i tidlegare vedteke romprogram:

Areal lag til:

Separate innganger pr. trinn
Auka areal til garderobar for trinna
Ekstra kontor for helsesøster
Større amfi

Areal fjerna:

Eitt undervisningsrom
Eitt garderobesett
Styrkerom

Tilråding

Rådmannen tilrår å vedta revidert romprogram slik det ligg føre.

.....

